



Arngunna Haga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/270 - 15/3219

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

18.02.2015

Ny 50% stilling ved NAV - referat frå drøftingsmøte

Drøftingsmøtet den 18.02.15 vart halde med bakgrunn i HA, del B, § 3-1, punkt d – på oppfordring frå HTV i FO.

Frå arbeidstakersida møtte: HTV Lena Ytreland FO og HTV Kjersti Vikebø Nesse Fagforbundet.

Frå arbeidsgjevar møtte: Leiar v/NAV Arngunna Haga og personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen.

Bakgrunn for oppretting og utlysing av 50% fast stilling ved NAV – knytta til startlån

Etter ein periode med for liten kapasitet på arbeidsoppgåver knytta til startlån, vart det i budsjettet for 2015 lagt inn ein 50% stillingsressurs, jf. orientering i kontaktmøtet 03.12.14. Administrasjonen har drøfta alternative organisatoriske løysingar, men har landa ned på at det er mest naturleg at stillinga vert lagt til NAV.

Arbeidsoppgåvene vil vere rettleiing og sakshandsaming av Husbanken sine låne- og tilskotsordningar - t.d. startlån, koordinering av arbeidet i kommunal Husbankgruppe m.m., jf. utlysingstekst. Arbeidsgjevar ser ikkje at det er nødvendig med sosialfagleg høgskuleutdanning for å kunne løyse desse oppgåvene. Sosialfagleg kompetanse er elles godt dekkja i NAV Meland.

Med bakgrunn i HTA kap. 1, § 2.3.1 har administrasjonen vald å lyse ut stillinga internt.

Synspunkt organisasjonane:

Peikte på at sosialfagleg kompetanse på høgskulenivå er svært viktig for eit NAV-kontor, og at dette også gjeld for det statlege området.

Det vart også peikt på at informasjons- og drøftingsmøte etter HA er viktige, og at slike møte kjem «så tidleg som mogleg», jf. HA.

Med helsing

Kari Anne Iversen

Personal- og organisasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Arngunna Haga
HTV Lena Ytreland
HTV Kjersti Vikebø Nesse

Meland sjukeheim
Her